

**KONSESJONSSØKNAD
for
Fosstdalen kraftverk
i Austgulen,
Gulen kommune, Sogn og Fjordane Fylke**



**Utbyggjar;
Asun(SUS)**

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 12.12.2016

Søknad om konsesjon for bygging av Fossdalen Kraftverk

Asun (SUS) ønsker og nyttar vassfallet i Fossdalselva, Gulen kommune i Sogn og Fjordane Fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jfr. § 8, om løyve til:

- å byggja ut Fossdalen Kraftverk i Fossdalselva.

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Fossdalen Kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med venleg helsing



Asun(SUS)
Co/Rune Dyrkolbotn
Marikollen 60
5136 Mjølkeråen

Kontaktperson:
Rune Dyrkolbotn
Marikollen 60
5136 Mjølkeråen
Runedyrk@online.no
+47 93 09 43 08

Samandrag

Fossdalselva ligg i Austgulen i Gulen kommune. Elva har utløp fra Stølsvatnet og renn vidare nedover Fossdalen og ender ut i Austgulenfjorden.

Med ei fallhøgde på 285 meter, vil Asun(SUS) installere ein Peltonturbin med slukeevne på 263 % av middelvassføringa. Installert effekt blir på 2,95 MW, noko som vil gje ein årsproduksjon på om lag 8,8 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 25 l/s, tilsvarande alminneleg lågvassføring. Vassveg vert grave ned heile strekninga som er om lag 1000 meter lang. Utbyggingskostnad vert om lag 3,4 kr/kWh.

Fossdalen Kraftverk er tenkt som eit typisk elvekraftverk utan overføringer og reguleringar. Den berørte elvestrekningen er ca. 1000 meter. Inntaksdammen vil liggja nedsprenget i terrenget og vil være overdekt og tildekka av stadlig vegetasjon. Røyrgata vil bli nedgraven på austsida av elva. Stasjonen vil liggja avsides til i det gamle sandtaket, og vil bli forsøkt skjult i terrenget.

Der er funne førekomst av raudlistearten flommosse i berørt område, samt at deler av elvestrengen vert vurdert som "andre viktige førekomstar" i forbindelse med to fossefall. Arealet av inngrepssfri natur vert redusert med om lag 1,6 km².

Tiltaket vert vurdert til å gje liten - middels negative konsekvens.

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Om søkjaren.....	5
1.2	Grunngjeving for tiltaket	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	5
1.4	Skildring av området.....	6
1.5	Eksisterande inngrep.....	6
1.6	Samanlikning med nærliggjande vassdrag.....	6
2	Omtale av tiltaket.....	7
2.1	Hovuddata	7
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet.....	9
2.3	Kostnadsoverslag	16
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	16
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	17
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringer	18
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	19
3.1	Hydrologi.....	19
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	20
3.3	Grunnvattn	20
3.4	Raudlisteartar	22
3.5	Terrestrisk miljø	22
3.6	Akvatisk miljø	23
3.7	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag	23
3.8	Landskap og inngrepsfrie naturområder (INON)	24
3.9	Kulturminne og kulturmiljø	24
3.10	Reindrift	24
3.11	Jord- og skogsressursar.....	24
3.12	Ferskvassressursar	24
3.13	Brukinteresser	25
3.14	Samfunnsmessige verknader	25
3.15	Kraftliner.....	25
3.16	Dam og trykkrøy	26
3.17	Ev. alternative utbyggingsløysingar	26
3.18	Samla vurdering	26
3.19	Samla belastning	26
4	Avbøtande tiltak.....	27
5	Referansar og grunnlagsdata.....	27
6	Vedlegg til søknaden	27

1 Innleiing

1.1 Om sokjaren

Tiltaket i Fossdalselva vil få namnet ”Fossdalen Kraftverk”.

Utbyggjar er:

Asun(SUS)
v/prosjektleiar
Rune Dyrkolbotn
Marikollen 60
5136 Mjølkeråen
tlf. +47 93094308

Eigarane i Asun(SUS) har kraftproduksjon som sin viktigaste aktivitet. Eigarane er Dyrkolbotn Holding AS (50 %) og Asle Værøy (50 %). Dyrkolbotn Holding AS eig og i Nipo Kraft AS som igjen eig fleire småkraftverk.

Asun(SUS) har inngått avtale om leige av fallrettane med aktuelle grunneigarar, og står sjølv for prosjektering, finansiering og utbygging av prosjektet.

1.2 Grunngjeving for tiltaket

Med bakgrunn i Asun(SUS) sin forretningsidé ønskjer ein å byggje ut Fossdalselva for å utnytta ressursane i elva, samt å kunne produsere rein energi. Utbygginga er planlagt med forholdsvis låg utbyggingskostnad, ca. 3,41 kr / kWh.

Eigarane ønskjer i forbindelse med utbygginga å bidra til ei utvikling i nærmiljøet. Blant anna ved bruk av lokal entreprenør, installatør og personell for vedlikehald og drift.

Tiltaket vart vurdert som konsesjonspliktig av NVE i 2011.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet tilhører gardane Hauge og Hanstveit i Gulen kommune i Sogn og Fjordane Fylke. Fossdalselva har vassdragsnummer 068.620. Området ligg i Austgulen i Gulen kommune.

Området er markert med ei raud pil i kartet under.



Figur 1-1:Oversiktskart

1.4 Skildring av området.

Fossdalselva har utløp frå Stølsvatnet som ligg ope til der dalen er på sitt breiaste, og som namnet tilseier ligg vatnet like ved stølen til Hauge. Dalføret er ope og omgitt av bjørkeskog. Dalføret har ikkje vei, men kan nåast via sti både frå Hauge og Hantveit. Mesteparten av elvestrekningen består av fjell og steingrunn. Den råka elvestrekningen har to markerte fossefall. Eit like nedom det planlagde inntaket, og eit i nedre del av råka strekning.

1.5 Eksisterande inngrep

Der går bilvei til Hantveit og til Hauge, men Fossdalen er veglaus. Der er heller ikkje kraftline til Fossdalen.

Det har tidlegare vore tatt ut sand nede ved fjorden. Denne blei frakta ut med båt. Der er restar etter tekniske inngrep i området, samt steinhaugar av det som blei igjen etter sanduttak.

1.6 Samanlikning med nærliggjande vassdrag

Naboelva aust for Fossdalen, Haugeelva er bygd ut av grunneigar. Installert effekt er i størrelsesorden 400 kW. På andre sida av fjorden har BKK bygd ut Kløvtveit kraftverk med reguleringsmagasin.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

TILSIG		
Nedbørfelt*	km ²	3,9
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	15
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	122
Middelvassføring	l/s	475
Alminnelig lågvassføring	l/s	25
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	43
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	18
Restvassføring**	l/s	97,6
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	287
Magasinvolum	m ³	70
Avløp	moh.	2
Lengde på råka elvestrekning	m	1000
Brutto fallhøgd	m	285
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,57
Slukeevne, maks	l/s	1250
Slukeevne, min	l/s	70
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	25
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	25
Tilløpsrør, diameter	mm.	700
Tunnel, tverrsnitt	m ²	NA
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1000
Overføringsrør/tunnel, lengde	m	NA
Installert effekt, maks	kW	2950
Brukstid	timar	6395
PRODUKSJON***		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4,3
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	4,5
Produksjon, årleg middel	GWh	8,8
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	30
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	3,41

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket

**restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt fra

Fosstdalen Kraftverk, Elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	3,3
Spennin	kV	0,99

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	3,6
Omsetning	kV/kV	0,99/22

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengd	Km	0,8
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		Jordkabel og sjøkabel

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

2.2.1 Hydrologi og tilsig

Det er ikkje gjort vassmålingar i Fossdalselva.

To målestasjoner vart vurdert som samanligningsstasjonar. Den første var målestasjon 68.1 Kløvtveitvatn, som ligg rett over fjorden for Fossdalen. Feltarealet er litt større, avrenninga den same. Datakvaliteten antas å være god og måleserien er svært langt. Feltet har stor sjølvreguleringsevne og sjølv om feltet er lite så har det høg effektiv sjøprosent. Stasjonen blei lagt ned i august 2006 etter regulering av vatnet til Kløvtveit kraftverk.

Den andre aktuelle Målestasjonen var 62.18 Svartavatn, som ligg sør aust for Fossdalselva. Feltarealet er mykje større, avrenninga er mindre, andel snaufjell litt mindre, og beliggenheten er i gjennomsnitt noko høgare samanlikna med Fossdalselva. Datakvalitet er god, men serielengden er mykje kortare enn i Kløvtveitvatn, til tross for lite effektiv sjøprosent. Feltet har antatt noko mindre sjølvreguleringsevne enn Fossdalselva på grunn av liten effektiv sjøprosent, men samtidig vil større feltreal oppvege noko av forskjellane mellom felta.

På bakgrunn av dei ulike stasjonane sine feltegenskaper og datakvalitet er det antatt at stasjon 62.18 Svartavatn er mest representativ for forholda i Fossdalen. Denne stasjonen blei difor valt som samanligningsstasjon.

Nedslagsfeltet er rekna til $3,9 \text{ km}^2$ basert på eit inntak på kote 287. Normalavløp i Fossdalselva er på $122 \text{ l/s} \cdot \text{km}^2$ som tilsvrar midlare årsavløp på $15 \text{ mill.m}^3/\text{år}$.

Vassdraget har dominerande haust- og vinterflaumar. Lågvassføring inntreff oftast om vinteren og sommaren. Alminneleg lågvassføring er rekna til 25 l/s . Størrelsen på restfeltet mellom inntaket og utløpet til kraftverk er ca. $1,05 \text{ km}^2$ og har eit middelavløp på rundt 128 l/s .

Det er funne at årsavløpet i Fossdalselva har variert mellom omlag $0,279$ og $0,675 \text{ m}^3/\text{s}$. Middelavløp i Fossdalen er berekna til $0,48 \text{ m}^3/\text{s}$. Varigheitskurve med kurve for slukeevne og ”sum lågare” finnes i vedlegg 3. Varigheitskurva er lagt til grunn ved dimesjoneringa av kraftverket.

Følgjande er lagt til grunn ved berekningar:

Ei minstevassføring på $0,25 \text{ m}^3/\text{s}$ gjennom heile året

Største slukeevne for turbinen er 1050 l/s

Minste slukeevne for turbinen er 25l/s

2.2.2 Overføringer

Tiltaket medfører ingen overføringer.

2.2.3 Reguleringar

Tiltaket har ingen reguleringsmagasin.

2.2.4 Inntak

Inntaket vert i øvre ende av Fossdalen, der terrenget flatar ut, omlag på kote 287. Omgjevnadane er prega av lyng, fjellfuru og fjellbjørk.

Området der inntaket er tenkt plassert har grunt jordsmonn. Av visuelle grunner, saman med faren for is, planlegg vi å sprenga inntaksdammen ned i terrenget. Indikert med svart sirkel på Bilete 2-1 Bilete 2-1: Inntaksområdeunder. Rørgata og avtapping vert også sprengt ned, og plassering er indikert med svart pil. Den nedsprenge dammen får eit støypt dekke som vert dekka med jord og lokal vegetasjon.


Innhenting av vatn frå elva vil skje via ei nedsprenget grøft med overløp, indikert med kraftig svart strek. Minstevassføring blir sleppt ved sida av nedsprenget grøft, og vil ikkje påverkas av nivå i inntaksdam. Overløp blir omtrent som vasspegel på staden, og dam vil ikkje påverke nivået i Fossdalselva eller vasspeilet oppstrøms inntaket.

Areal på nedsprenget dam blir ca. 20 m^2 , volum blir ca. 70 m^3 . 4 ganger 5 meter med djupne 3 meter. Brotvassføring er berekna til $33,7 \text{ m}^3/\text{s}$, med 5 meters brot. Då dammen er nedsprenget i fjell og fora med betong, vil ei slik brotvassføring bli litt teoretisk.



Bilete 2-1: Inntaksområde

Konus, inntaksrist, ventil og lufterøyr vert montert i eit inntaksarrangement i betong i forbindelse med den nedsprenge dammen. Dette dekkes til så langt det let seg gjera. Utdrag av skisse av planlagt inntaksdam i Figur 2-1, og komplett skisse i vedlegg 9.



Figur 2-1: Skisse av inntaksdam

2.2.5 Vassveg

Rørgata

Rørgata vert kring 1000 meter lang og det vert nytta duktile støypejarnsrør. Rørgata får ein innvendig diameter på 700 mm ned til stasjonen.

Rørgata vil ligge på sørsida av elva og vil vera nedgraven heile strekninga. Røyrtraseen er teikna inn på vedlagt kart. Under annleggsfasen vil ryddebeltet være inntil 20 meter breit, etter bygging blir bredda ca. 4 meter i traseen. Rørgata ligg heile strekninga i sikker avstand frå elva.

Det er i dag berre ein sti oppover på sørsida av elva. Denne stien går heilt opp til planlagt inntak. Mykje av rørgatetraseen ligg i til dels kraftig helling. Nokre plassar må det murast opp støttemur nedom rørgata, for å få ho til å ligga. Utsprengt masse frå inntaket vil saman med lokal masse kunne nyttast til dette. Ein vil nytte rørgatetraseen til å frakte inn røyra. Det er tenkt at den planerte og tilsådde rørgatetrasen vil kunna vera framkommelig med traktor eller ATV etter utbygginga.

Brotvassføring for rørgata er berekna til 6,2 m³/s, med ein kastevidde på 20,8 meter ved fullt rørbrot og 142 meter ved mindre sprekker eller hol. Berekninga er gjort ved maksimalt trykk.

Tunnel

Det skal ikkje byggast tunnelar.


2.2.6 Kraftstasjon

Stasjonsbygningen

Stasjonen er planlagt på austsida av elva på kote 2, tilbaketrekt frå strandsona. Stasjonen blir senka ned i terrenget i bakkant av det gamle sanduttaket. Det blir lagt tilbake masser eit stykke framom stasjonen, samt at det gamle sanduttaket blir jamna til. På denne måten er det tenkt at stasjonen skal synast minst mogeleg frå fjorden. Samtidig vil plasseringa og terrenget skjerme for lyd. Vatnet frå stasjonen blir sleppt ut igjen i elva, og fylgjer denne dei siste 15 metrane ut i fjorden.

Stasjonen vil bli utforma i tråd med lokal byggeskikk. Bygninga vil bli kring 10 m brei, 15 m lang og 6 m høg. Da området er veglaust vert det planlagt å byggja ein enkel betongkai.

Elektromekanisk installasjon er planlagd med Pelton turbin og synkron generator på 2950 kW.



Bilete 2-2: Elva like ved stasjonsområdet


Stasjonen er samansett av følgjande:

Maskinsal med turbin, generator og forskjellige hjelpesystemer.

Kontrollrom med naudsynte tavler og kontrollsystemer.

Transformatorrom med naudsynt høgspentanlegg og transformator.

Etter at anleggsperioden er over, vil området rundt stasjonsbygningen i all hovedsak bli ført attende til slik det var. Sjå skisse av stasjon i Figur 2-2.



Figur 2-2: Skisse av aktuell stasjon

Turbin og generator

Utbygginga har eit fall på 285 meter og det er planlagt å nytta ein vertikal Peltonturbin med seks justerbare dyser. Det er tenkt brukt ein synkrongenerator på 990 V/2500 kW. Omsetnaden for transformatoren blir i dette høvet 990 V/22 kV.

Spenningsnivå på generator, og dermed også transformator kan bli gjenstand for endring under detaljplanlegging.

Støy

Ein Peltonturbin vil gje noko støy under drift. Mykje av lyden vil koma frå avløpskanalen, og det vil bli laga lydfeller i denne for å avgrensa støyen. Lydfeller vil enten være gummimatter som heng ned frå taket i kanalen, eller vannlås i utløpskanal. Elles vil det bli vurdert andre tiltak etter oppstart av anlegget for å avgrensa støyen frå sjølve stasjonsbygningen, som lydfelle i forbindelse med luftearpning. Det er i dag berre enkelte fritidsbustader på andre sida av fjorden, som eventuelt kan høyra støy.

Avløp

Vatnet frå stasjonen vil bli ført attende i Fossdalselva omrent 15 meters lengde før elva når fjorden. Avløpskanalen vert omlag 7 meter lang, 1,2 m brei og 1,5 m djup. Avløpet vert sikra slik at det ikkje blir tilgjenge for uvedkomande.

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Anlegget er tenkt kjørt gjennom heile året; 9 % full produksjon, 64 % redusert produksjon og 27 % stopp. Dette blir totalt kring 6395 driftstimar i året. Anlegget er tenkt kjørt på vannstandsregulering der vi til ein kvar tid nyttar tilsiget i elva, utan nokon form for regulering. Effektkøyring er ikkje aktuelt da inntaksdammen er for liten.

Prosjektdata					
Kommune:	Gulen		Energi Teknikk AS		
Prosjekt	Fosstdalen				
Hydrologiske data			Produksjonsforutsetninger		
Nedbørssfelt	km ²	3,9			
Avrenning liter pr sek.	l/s/km ²	122	Virkningsgrader:		
Inntak	m.o.h.	290	Turbin	92 %	
Utløp	m.o.h.	2	Generator	96 %	
Fallhøyde	meter	288	Transformator	98 %	
Avrenning pr år	mill.m ³ /år	15,0	Rør	98 %	
Flomtap og stopptid i prosent		13	Virkningsgrad totalt:	85 %	
Flomtap	mill.m ³ /år	2,0			
Q- middel	m ³ /s	0,48	Vannhastighet	m/s	2
Q- maks	m ³ /s	1,25	Rørdiameter Innv	mm	700
Slukeevne		263 %			
Innstallert effekt i kW		2946			
Av varighetskurve kan ein beregne følgjande driftstider:					
	% av År	Timer	Effekt kW:	Total kWh:	
Full produksjon:	9,00	788	2946	2322581	
Redusert produksjon 2/3	12,00	1051	1944	2043872	
Redusert produksjon 1/3	52,00	4555	972	4428389	
Stopp	27,00	2365		0	
Total Årsproduksjon:		8760		8794842	
GWh				8,79	

2.2.8 Vegbygging

Det er planlagt at traseen skal være framkommeleg med traktor eller ATV heilt opp til inntaket. Traseen vil såast i, sånn at den får mindre preg av veg, men me reknar med at minst hjulspora vil vise.

Når det gjeld tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt ein kai nedom stasjonen for tilkomst frå sjø.

2.2.9 Massetak og deponi

Det vert ikkje behov for massetak og/eller deponi. Masser frå inntaksarrangement vil bli nytta til veg og grunnarbeid for stasjon. Eventuelle overskotsmassar kan fraktast til det lokale steinknuseverket og / eller nyttast av grunneigarane..

2.2.10 Nettilknyting (kraftliner/kablar)

Kundespesifikke nettanlegg

Næraste nett ligg kring 1000 m i luftline ved fylkesvei, på andre sida av fjorden. Det er tenkt lagt ein 22 kV sjøkabel frå stasjonen og bort til koplingspunktet på høgspentlina. Vi ser for oss at BKK Nett AS monterer og driftar ei slik kraftline. Det blir sett opp ein trafo i eige transformatorrom i stasjonsbygninga. Anleggsstorleik blir 2500 kW.

Primært ynskjer Asun Kraft (SUS) at kabel vil bli lagt og drifta av områdekonsesjonær som er BKK.

Anna nett og forhold til overliggende nett

Anlegget er tenkt knytta til BKK Nett AS sitt linjenett i området. Utbyggjar har vore i dialog med BKK, som har satt i gang eit utgreiingsprosjekt vedrørande teknisk løysing for dette og andre kravtverk i området. Asun kraft SUS har måttå forplikta seg til å vera med å betala for utgreiinga. Me er lova svar før utgangen av året på teknisk løysing og kostnad med tilkoplinga.

2.3 Kostnadsoverslag

Fossdalen Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	
Overføringsanlegg	0
Inntak/dam	1,5
Driftsvatnvegar	5,6
Kraftstasjon, bygg	1,8
Kraftstasjon, maskin og elektro	9,1
Kraftline	1,9
Transportanlegg	0,9
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	1,1
Anleggsbidrag	2,0
Uventa	2,8
Planlegging/administrasjon.	1,7
Finansieringsutgifter og avrunding	1,6
Sum utbyggingskostnader	30

Prisane er oppgjevne etter dagens prisnivå (2016).

2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket

Fordeler

Arbeidsplassar

Utbygginga vil i anleggsperioden skape kring 3-4 årsverk. Vi vil nytta lokal entreprenør og installatør under utbygginga.

I driftsfasen vil utbygginga skape ca. 0,4 årsverk, saman med eksisterande utbygging i området vert det nær eit heilt årsverk.

Kraftproduksjon

Tiltaket vil produsera kring 8,1 GWh rein og fornybar energi pr. år. Dette bidreg til energiforsyninga i området.

Anna

Inntekt og verdiauke på gardane tilhørende grunneigarane gjer det meir sannsynleg at drifta heldt fram, noko som er svært viktig for kulturlandskapet. Det vil og være midlar til å vedlikehalda byggmasse både i tuna og i utmark.

Utbygginga gir skatteinntekter til Gulen kommune.

Ulemper

Fråføring av vatn frå elvestrengen vil være negativt for vasstilknytta arter både i og utanfor vasstrengen, samt for det visuell inntrykket. Minstevassføring vil være viktigaste avbøtande tiltaket. Utbyggjar vil gjera støydempande tiltak for å redusera støy frå stasjonsbygningen og utløpskanalen.

2.5 Arealbruk og egedomsforhold

Arealbruk

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Inntaksområde	250 m²	120 m²	Dammen sprengt ned i terrenget.
Røyrgate	20.000 m²	4000 m²	Traseen blir 1000 meter lang og inntil 20 meter brei i anleggsperioden (under drift kring 4 m brei).
Riggområde			Nyttar stasjonsområdet
Vegar		0 m²	Inngår i røyrgatetrase
Kraftstasjonsområde	350 m²	150 m²	Stasjonen blir 10 m brei, 15 m lang og 6 m høg, i tillegg kjem naudsynt plass rundt bygget.
Massetak/deponi	NA	NA	
Nettilknyting		90 m²	Pluss sjøkabel

Egedomsforhold

Følgjande eigedomar i Gulen kommune vert berørt.

Gnr. 29. Bnr. 1. Eigar: Kjetil Hantveit

Gnr. 29. Bnr. 2. Eigar: Arne Rønneseth.

Gnr. 30. Bnr. 2 & 3. Eigar: Birger Hauge.

Asun(SUS) Kraft AS har inngått avtale om leige av fallrettar og grunnareal med grunneigarane.

2.6 Tilhøvet til offentlige planar og nasjonale føringer

Kommuneplan

Frå Gulen kommune får vi opplyst at heile utbyggingsområdet har status som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF).

Samla plan for vassdrag (SP)

Fossdalselva er oss bekjent ikkje omfatta i samla plan.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna med omsyn til kraftutbygging.

Nasjonale laksevassdrag

Fossdalselva er ikkje ein del av eit nasjonalt laksevassdrag.

Ev. andre planar eller beskytta område

Ingen andre ting er kjent.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Som ein ser av kartet i Figur 2-3, så vil det gå tapt om lag 1,6 km² INON-område om Fossdalselva vert utbygd i det aktuelle området.



Figur 2-3: INON-område

EUs vassdirektiv

Finn ikkje Fossdalen nevnt spesielt i samband med EUs vassdirektiv.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

5 persentil for vassføring i perioden 1.5 – 30.9 (sommarhalvåret) og i perioden 1.10 – 30.4 (winterhalvåret) er for Fossdalselva anslått med utgangspunkt i målestasjon 62.18 Svartavatn. Med utgangspunkt i dette, og vurderingar gjort ved berekning av alminnelig lågvassføring, er 5 persentilen ved inntaket til kraftverket i Fossdalselva rekna til å vera:

Sommarsesongen (1/5 – 30/9): 11,0 l/s·km² eller ca. 43 l/s

Vintersesongen (1/10 – 30/4): 4,5 l/s·km² eller ca. 18 l/s

Planlagt minstevassføring i Fossdalselva etter utbygging er 25 l/s, lik alminneleg lågvassføring. Kurvane i vedlegg nr 3 viser korleis vassføringa i Fossdalselva vil vera før og etter utbygginga. Det er lagt inn følgjande føresetnader;

Ei minstevassføring på 25 l/s gjennom heile året

Største slukeevne for turbinen er 1250 l/s


Minste slukeevne for turbinen er 70 l/s

Kurvane seier oss mellom anna dette;

	Dagar med meir avrenning enn maks slukeevne for turbinen (1,25 m ³ /s)	Dagar med mindre avrenning enn minste slukeevne + minstevassføring (0,096 m ³ /s)
Tørt år (1996)	20	209
Medium år (1995)	31	122
Vått år (1989)	53	55

Restfelt

Tilsig frå restfeltet nedstraums inntaket på utbyggingsstrekninga vil til ein viss grad vera med å auka restvassføringa. Størrelsen på restfeltet mellom inntaket og utløpet til kraftverk er ca. 1,05 km² og har eit middelavløp på 128 l/s.



Figur 3-1: Kart over nedslagsfelt og restfelt

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Ingen målestasjoner i området høver særleg godt som grunnlag for å fastslå nokolunde temperaturar i området kring Fossdalen, men området ligg i kystnært område, og er preget av våte vintrar. I elva renn vatnet under islag, men med opne parti. Noko kjøving er det i elva, men utan at dette har skapt problem. Vi har aldri observert isdemningiar, eller flaum grunna oppstuking av snø eller is. Dette til tross for at kuldeperioder ofte går brått over i mildvær og regn.

I anleggsfasen vil elva i liten grad bli påverka, då vi ikkje endrar vassføringa i elva i denne fasen.

På grunn av risiko for is og kuldeperiodar er inntaksdam tenkt nedspregt og heile rørgata tenkt nedgrave frostfritt. I driftsfasen vil nok utbygginga påverke isforholda i elva noko, men med minste vassføring på 25 l/s vil dette ventande vera i mindre grad. Kjøving i berørt elvestreng kan auke noko, men samtidig vil vassføring ved væromslag verta redusert grunna uttak gjennom røygata.

Avløpet frå stasjonen vil gå attende i elva, like før utløp til fjorden. Vatnet etter avløp vil i vinterhalvåret være noko varmare enn før utbygginga. Driftsvassføringa om vinteren er forholdsvis låg, slik at verknaden på isforholda i fjorden blir marginale.

3.3 Grunnvatn

Grunnvassressursane er ikkje kartlagde, men topografien i utbyggingsområdet og erfaringar tilseier at dette området grunna nedbørsmengda er dominert av overflatevatn og at vegetasjonen hentar naudsynt fuktighet frå jordsmonnet. Vi vil tru at denne utbygginga i liten grad vil røra ved grunnvassressursane. Ras, flaum og erosjon

I anleggsfasen

I anleggsfasen vil vi sprenga ned dammen og lage heile inntaksarrangementet før vatn vert sleppt frå elva og inn i dammen. Dermed vil elva gå som normalt i nesten heile anleggsperioden. Dette vil føre til lite ureininga av elva i anleggsfasen. Vassføringa i elva vil ikkje bli påverka nedstraums anleggsområdet. Røyrgatetraseen ligg høgare i terrenget enn elva og det vil difor ikkje være risiko for at ellevatn trenger inn i rørgatetraseen og følgjer denne.

I store delar av flaumperiodane vil vassføringa i elva vera mykje større enn største slukeevne og endringar i vassføringa vil i desse periodane vera mindre merkbare. Utbygginga vil i periodar med flaum redusere faren for erosjonsskadar i elva. Det er ikkje observert erosjonsskadar i elva under synfaring.

Med ein inntaksdam som gjev sediment og slam tid til å søkkja til botn, kan ein redusera sedimenttransport og tilslamming under normal drift. Sediment kan fjernast og fraktast vekk ved vedlikehald av dammen.

Når det gjelder ras så er sjølve elveløpet merka av i NVE/Atlas som jord og flomskred aktsomhetsområde. Røyrgatetraseen er merka av som aktsomhetsområde både for snøskred og steinsprang, men dette gjeld ikkje inntak og stasjonsområde.

3.4 Raudlisteartar

Det biologiske mangfaldet er utreda av det som den gang var Ambio miljørådgiving AS ved Leif Appelgren. Rapporten er oppdatert mars 2011 og nå seinast i oktober 2016 ved Ecofact Sørvest AS ved den same Leif Appelgren. Merk dog at rapporten ikke inneholder sporlogg da dette først ble et krav etter utført befaring. Hele elvestrekninga og røyrgatetraseen er befart.

Den raudlistede flommosen (*Hyocomium armoricum*) blei funnet i nedre delen av den berørte elvestrekningen. Flommose er plassert i kategori VU (sårbar) på den nye raudlista (Kålås *et al.* 2010).


Vi er ellers ikke kjent med tidlegare funn av raudlistede arter i influensområdet.

3.5 Terrestrisk miljø

Berggrunnen ved Fossdalselva er fattig, dvs. mest berre harde og næringsfattige djupbergartar som ymse gneisar. Store delar av utbyggingsområdet består av eit tynt morenelag oppå berggrunnen, i sjølve elveleiet derimot er det ein del nakent fjell og stein.

Ingen førekomstar i influensområdet for utbygginga vert vurdert til å oppfylle kriteriene for dei utalte naturtypane i DN-håndbok nr. 13 (DN 2007). Heile dalgangen med tiltaksområdet kan mogelegvis betegnast som ei bekkekløft men den relativt opne topografien og begrensa forekomsten av bergvegger gjer at den er av liten betydning. Med unntak av to korte strekningar med fossefall, er luftfuktigheten relativ lav.

Dei to strekningane med fossefall vert vurdert som interessante, under kategorien "andre viktige førekomstar". Begge fossefalla har førekomstar av fuktighetskrevande moser. Lokalitetane vert vurdert til å ha "liten til middels" verdi som naturtype.



Figur 2: Verdikart som viser kor dei ulike verdiane er plassert i influensområdet. Gult er liten verdi og oransje er liten-middels verdi. Svart prikk indikerer inntakspunktet.

Dalen har ein del bjørkeskog med innslag av rogn og enkelte selje. Nedst ved fjorden er det noko planta gran. Av karplantevegetasjon er det trivielle arter som blåbær, tepperot, gjøkesyra, storfrytle, smyle, sølvbunke, gulaks, fugletelg og hengeving.

Ved det nedre fossefallet blei det som nemnt i avsnitt 3.5 funnet den raudlistede arten flommose, og dei mindre vanlige artane hettekimmose og glansåtemose. Her blei også funnet andre fuktighetskrevande moser som pelssåtemose, fleinljåmose og kaursvamose.

Fra omtrent 220 moh og opp mot inntakspunktet er det nokre bergvegger på elvas si austside kor det blei funne små førekommstar av den sjeldne klubbemose samt den mindre vanlige kulegråmose. kystturnemose og vingemose blei også observert. Attmed fossefallet ved inntakspunktet finn ein dei mindre vanlege mosene fjellhutremose og raspljåmose.

På skogsmarken i lisidene attmed vassdraget er mosefloraen hovudsakleg triviell og vert dominert av arter som er alminnelige i denne type terren. Nokre arter som er litt meir krevjande eller mindre vanlige blei også funnet. Blant disse kan nemnast: storstylte, ryemose, skyggehusmose, kystmose, kystgråmose og storkransmose. Av epifytter blei det funnet snutegullhette og krusgullhette.

Av lav blei det berre notert trivielle arter, men ein kan nemne brun koralla som vaks på fuktige bergvegger ved fossefalla.

Det blei ikkje observert sjeldne eller raudlistede fuglar eller pattedyr ved synfaring, berre alminnelige arter av sporvefuglar knytta til skog. Andre vanlige fuglar i området er løvsanger, bokfink, kjøttmeis, rødvingetrost og gjerdesmett. Ingen spetter blei observert og førekommsten av egna hekketrær er begrensa. Det blei ikkje observert vintererle eller fossekall langs elva, og kraftige variasjonar i vassføringa gjer at lokaliteten vert vurdert som mindre egna til hekkeområde.

Ei vaksen havørn blei sett flygande tett over skogen ca. 1 km vest for Fossdalselva, ved garden Hantveit. Det er difor mulig at tiltaksområdet ligger innanfor hekkeområdet til eit havørmpar.

Med føreliggende kunnskap, er det ingen viktige funksjonsområder for vilt innanfor influensområdet. Samla sett vert difor viltet i influensområdet vurdert til å ha **liten verdi**.

3.6 Akvatisk miljø

Under felterbeidet blei det ikkje registrert verdifulle lokaliteter i samsvar med DN-håndbok 15 ”Kartlegging av ferskvannslokaliteter”.

Det loddrette fossefallet nær utløpet i fjorden utgjer eit effektivt vandringshinder for fisk. Ifølge lokalbefolkinga finn ein ikkje fisk i vassdraget eller i Stølsvatnet lenger opp langs elvestrekningen.

Elvemusling og ål er ikkje kjent frå Fossdalselva.

Når det gjeld negative konsekvensar ved frasføring av vatn i Fossdalselva, viser vi som utbyggar til biologisk mangfaldsrapport og beskrivelse av påverknaden. Dei punkta vi ser på som dei viktigaste er forhold for botndyr kan i sin tur gje endra livsvilkår for vassdragstilknytte arter av fugl og pattedyr.

Då ingen viktige ferskvannsforekomster er kjent frå området får det **litен verdi**.

3.7 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Fossdalselva er ikkje ein del av eit verna vassdrag, og er heller ikkje registret som eit nasjonalt laksevassdrag.

3.8 Landskap og inngrepsfrie naturområder (INON)

Nedbørsfeltet til Fossdalselva vert avgrens av toppene Arnipa, Fossdalsnipa og Novfjellet. Felles for terrenget på begge sider av Fossdalen, er at toppane er snaufjellsflater, det kan være vanskelig å vurdere om avrenninga kjem ned i Fossdalen, eller i Haugevassdraget eller Hantveitvassdraget. Størrelsen på nedbørsfeltet er berekna til 3,9 km².

Fossdalen er ein dalgang med stort sett middels bratte sider. Elva har eit omvekslande bratt og noko flatere forløp. Dei brattaste partia finn ein like nedanfor inntakspunktet, samt eit lite stykke opp frå fjorden.

Inntaket til det planlagde kraftverket blir liggjande i eit område med relativt småvoksen bjørkeskog, mens nede ved fjorden finn ein mindre områder med planta gran. Inntaksdam er tenkt sprengt ned i fjell, dekka med betongelement tildekka med lokal vegetasjon. Vasspeilet ovanfor inntaket vil ikkje bli påverka, og fråføring av vatn gjennom ei nedsprent grøft vil gjera at det blir lite synleg teknisk inngrep i elva. Rørgate vil vera nedgrave heile strekninga. Det er berre spredte trær i det berørte området, slik at det ikkje blir eit tydeleg ryddebelte. Stasjonsbygningen vil ligge lavt i terrenget og ha torvtak og duse farger. Kraftkablar blir nedgrave der dei ikkje ligg i sjøkabel.

Det som vil påverka det visuelle i størst grad er vassføringa i elva. Elvestrekninga er i svært liten grad synleg frå andre sida av fjorden, men det visuelle ved fossen vert påverka for dei som måtte ta turen over på nordsida av fjorden.

Det vil gå tapt om lag 1,6 km² av INON-området om Fossdalselva vert utbygd i det aktuelle området, men konsekvensen vert vurdert som liten negativ.

3.9 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen kjende eller registrerte kulturminne i utbyggingsområdet. Dette er sjekka med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og SEFRAK registeret.

3.10 Reindrift

Det er ikkje reindrift i området.

3.11 Jord- og skogsressursar

Det er gardar i drift både på Hantveit og Hauge. Andre gardar er nytta som fritidsbustader. Det går ikkje vekk noko dyrka mark grunna inngrepet. Ei utbygging vil i liten grad påverke landbruksinteresser i negativ retning. Utbygginga vil vera med på å auke innteninga og verdien av gardane, noko som gjer det mogeleg å oppretthalda gardsdrift, samt halda vedlike byggmassen og kulturlandskap. Det vil også gjere det lettare å komme seg til fjells i samband med sanking og hjortejakt.

3.12 Ferskvassressursar

Elva er nytta til ei privat vassforsyning. Så langt vi er kjent med, føreligg det ikkje avtale med grunneigarar på dette forholdet. Vi er innstilt på å finne ei løysning for dette forholdet. Det vil ikkje bli noko forureining av betyding i elva i anleggsfasen. Heller ikkje når kraftverket kjem i drift vil det medføra noko endring i vasskvaliteten. Tiltaket er ikkje venta å ha verknad på vasskvalitet eller recipientinteresser.

3.13 Brukarinteresser

Området er i mindre grad nytta som friluftsområde. Dette grunna manglende vegforbindelse. Det føregår hjortejakt i området, utbygginga vil ikkje påverke denne. Fiske i denne delen av vassdraget er ikkje aktuelt.

Utbygginga vil etter utbyggjar sitt syn ikkje påverke allemannsretten i særleg grad. Spor i naturen etter utbygginga vil ikkje vera særleg synlege etter omkring 3 år. Området vil bli meir tilgjengelig, med kai og gangbar trase opp til inntakspunkt.

3.14 Samfunnsmessige verknader

Tiltaket vil gje skatteinntekter i Gulen kommune, spesielt eigedomskatt. I anleggsfasen vil det bli utført 3-4 årsverk og under drift kring 0,4 årsverk.

Denne delen av landet har stor kraftproduksjon, men også store forbrukarar, som Bergen og Mongstad. Slik BKK har skissert kraftleveransen, er den tenkt transportert i retning Mongstad og vidare mot Bergen via Kolsnes.

3.15 Kraftliner

Utbyggjar er i dialog med BKK nett AS som er netteigar og utbygginga vil ikkje ha nokon større innverknad på det visuelle rundt den eksisterande kraftlinja. Det er tenkt sjøkabel / nedgrave jordkabel til lokalt koplingspunkt. Nødvendige oppgraderingar på kraftlinja ut av området blir venteleg i eksisterande trase og på dagens stolpar.

3.16 Dam og trykkrøy

Dammen får eit volum på om lag 60 m³. Brotvassføring er berekna til 52 m³/s, ved eit 5 meters brot i dammen. Eit slikt brot vil i ein nedsprenget, relativt liten dam, bli noko teoretisk. Ved eit dambrot vil dammen fort tømmast og vatnet fordela seg naturleg i det romslege elvelaupet som stort sett er på fjell heile vegen.

For trykkrøret vil ei sprekk kunna gi ein kastelengde på 142 meter, og eit totalt rørbrot kan kasta vatn om lag 21 meter. Det er ikkje hus eller hytter innanfor rekkevidda for eit slikt rørbrot.

Som avbøtande tiltak er det planlagd røyrbrotsfunksjon på inntaksventil. Ved eit eventuelt røyrbrot vil kontrollsystemet raskt tolka det reduserte røyrtrykket som brot og dermed starta lukking av inntaksventilen. Denne vil vera lukka innan omlag 30 sekundar og røyrgata får då ikkje tilført meir vatn.

3.17 Ev. alternative utbyggingsløysingar

Når det gjeld berørt elvestrekning er det berre utbygginga som er skildra i denne søknaden som er aktuell.

Ein kan sjå for seg ei større utbygging, med røyrgate heilt opp til Stølsvatnet og eventuelt eit inntak direkte i Stølsvatnet, men utan å regulere vatnet. Inngrepet med forlenginga av røyrgate, saman med høge kostnader gjer dette alternativet mindre aktuelt. Utbyggjar er difor i samråd med lokale brukarar av området kome frem til dette som den mest aktuelle utbygginga for dette vassdraget.

3.18 Samla vurdering

Tema	Konsekvens	Søkjar/konsulent vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	Liten negativ	konsulent/søkjar
Ras, flaum og erosjon	Liten negativ	søkjar
Ferskvassressursar	Liten - middels negativ	konsulent
Grunnvatn	Liten negativ	konsulent/søkjar
Brukarinteresser	Liten negativ	søkjar
Raudlisteartar	Middels negativ	konsulent
Terrestrisk miljø	Middels negativ	konsulent
Akvatisk miljø	Liten negativ	konsulent
Landskap og INON	Liten negativ	konsulent/søkjar
Kulturminne og kulturmiljø	Liten negativ	konsulent/søkjar
Reindrift	Intet	søkjar
Jord og skogressursar	Intet	konsulent/søkjar
Oppsummering	<i>Liten - middels negativ</i>	

3.19 Samla belastning

Konsekvensen av tiltaket vert vurdert som liten - middels negativ. Dette kjem i all hovudsak av fråføring av vatn i elvestrengen, med påverknad av terrestrisk miljø, raudlisteartar og ferskvassressursar. Området ligg vanskelig tilgjengelig, og er lite / ikkje brukt til turområde. Store deler av berørt elvestrekning er lite synleg frå avstand. Tiltaket reduserer INON området med om lag 1,6 km².

4 Avbøtande tiltak

Slepp av 25 l/s minstevassføring vil vera det viktigaste avbøtande tiltaket. 25 l/s er lik alminneleg lågvassføring. Minstevassføring vil til ein viss grad virke avbøtande for verknadane på biologisk mangfald og det estetiske i elva.

5 persentil sesongvassføring er berekna til 43 l/s i sumarsesongen og til 18 l/s i vintersesongen. Vi reknar med ein relativt liten reduksjon i årsproduksjonen om minstevassføring vart satt lik 5 persentil. Reduksjonen skyldast at både haustflaum og vårflaum ligg under vintersesong, da vi ofte ikkje får nyttar alt vatnet uansett. Men det reduserte snippet i vintersesongen ville gjort samanhengande produksjon enklare, og faren for isproblem mindre.

Det er ikkje kjent at spesielle naturverdiar er avhengig av den vassføringa som er i elva i dag. I anleggsfasen vil ein utføra arbeidet med inntak og røyrgate utanom flaumperiodar for å skåna landskapet i heile utbyggingsområdet mest mogleg.

Asun(SUS) Kraft AS vil la ”såra” etter utbygginga gro naturleg igjen og elles føra landskapet tilbake til slik det var før utbygginga så langt det let seg gjere. Vi vil ta av og lagre toppjord for raskare revegetering etter utbygging. Inntaket vil bli nedsprenget i fjell, med støypt dekke som igjen vert dekkja av jord og vegetasjon. Det vert gjort støydempande tiltak i stasjon.

5 Referansar og grunnlagsdata

- Biologisk mangfaldrapport, Ecofact Sørvest AS 2383/558
- Hydrologisk rapport, Rune Dyrkolbotn, 2013
- Gulen kommune
- Kart; <http://www.nordhordlandskart.no>
- Energi Teknikk AS
- Direktoratet for naturforvaltning; <http://naturopopsyn.no>
- Norge i bilder; <http://www.norgeibilder.no/>
- NVE atlas; <http://arcus.nve.no/website/nve/viewer.htm>
- Bilete er tekne av Rune Dyrkolbotn; Asun(SUS) Kraft AS

6 Vedlegg til søknaden


1. Regionalt kart.
2. Oversiktskart (1:50 000).
3. Detaljert kart over utbyggingsområdet (1:5000).
4. Hydrologiske kurver.
5. Fotografi av det råka området.
6. Fotografi av vassdraget under ulike vassføringar.
7. Oversikt over råka grunneigarar og rettshavarar.
8. Ev. avtale med områdekonsesjonær/dokumentasjon på nettkapasitet.
9. Miljørappor/ Biologisk mangfald-rapport.

Vedlegg 1: Regionalt kart




Vedlegg 2: Oversiktskart

Fossdalen




Målestokk = 1:50000


Vedlegg 3: Detaljert kart




Vedlegg 4: Hydrologiske kurver



Figur 1: Vassføring før og etter utbygging i eit tørt år (1996)



Figur 2: Vassføring før og etter utbygging i eit middels år (1995)



Figur 3: Vassføring før og etter utbygging i eit vått år (1989)

Vedlegg 5: Fotografiar av råka område




Bilde 1: Fosstdalen sett fra andre sida av fjorden



Bilde 2: Bilde tatt fra stasjonområdet og langs elva ned mot fjorden



Bilde 3: Fra stasjonsområdet og oppover mot første fossefall, steinrøys fra sanduttak til høyre



Bilde 4: Nederste fossefall



Bilde 5: Typisk rørgatetrase nedre halvdel



Bilde 6: Rørgatetrase nedre halvdel



Bilde 7: Elveløp midtre del



Bilde 8: Parti på nedre del av rørgatetrase med bratt helling ned mot elven



Bilde 9: Øvre fossefall, rørgatetrase utenfor bilde til høyre



Bilde 10: Ur ved øverste fossefall. Rørgatetrase nærmest fotografen



Bilde 11: Rørgatetrase midt mellom elv og knausen til venstre



Bilde 12: Øvre del av rørgatetrase til høyre i bildet



Bilde 13: Øvre del av rørgatetrase



Bilde 14: Inntaksområdet. Nedsprent inntakskum til høyre i bildet

Vedlegg 6: Fotografi av vassdraget under ulike vassføringar



Bilde 1: Vassføring ved stasjonsområdet, omlag 200 l/s.



Bilde 2: Vassføring ved nederste fossefall, omlag 200 l/s



Bilde 3: Vassføring ved øverste fossefall, omlag 200 l/s

Vedlegg 7: Oversikt over råka grunneigarar

Eigedomsforhold

Følgjande eigedomar i Gulen kommune vert berørt.

Gnr. 29. Bnr. 1. Eigar: Kjetil Hantveit

Gnr. 29. Bnr. 2. Eigar: Arne Rønneseth.

Gnr. 30. Bnr. 2 & 3. Eigar Birger Hauge.

Vedlegg 8: Forholdet til områdekonsesjonær / nettkapasitet

Anlegget er tenkt knytta til BKK Nett AS sitt linjenett i området. Utbyggjar har vore i dialog med BKK, som hevder at tilknytningsavtale er mogeleg først når det blir tatt investeringsbeslutning på linja mellom Modalen - Matre – Mongstad. BKK Nett AS har satt i gang eit utgreiingsprosjekt vedrørande teknisk løysing for dette og andre kravtverk i området. Asun kraft SUS har måttå forplikta seg til å vera med å betala for utgreiinga. Me er lova svar før utgangen av året på teknisk løysing og kostnad med tilkoplinga. Brev frå BKK Nett AS under.

Merkedagen er her | [bkk.no](#)



Asund kraft (SUS)
Rune Dyrkolbotn
Markollen 60
5136 Mjølkeråen

Deres ref:
Værrel.: 11726271

Dato: 02.09.2016

Utgrelingskostnadar for nettiltak på grunn av tilknyting av ny produksjon

BKK Nett hadde eit informasjonsmøte i Knarvik 15.06.2016, der me gav informasjon om status og planar for nettiltak i Nordhordland for å etablere naudsynt nettkapasitet til kjende småkraftprosjekt i området.

BKK Nett informerte også om at me ønsker at småkraftprosjekta forpliktar seg til å vera med vidare i prosessen ved at dei er med å dekke utgrelingskostnadar for dei aktuelle nettiltaka. På denne måten forventar me at me kan kartlegge dei realistiske småkraftprosjekta. På grunnlag av tilbakemeldingar i denne runden, vil me forprosjecktere dei naudsynle nettiltaka og estimere det endelige anleggsbidrag for dei aktuelle småkraftverka.

Utgrelingskostnaden per kraftverk er sett ut frå tidlegare erfaringar, samt utfrå kostnadar som allereie er gått med i utgrelinga av aktuelle alternativ.

Utgrelingskostnad per kraftverk er 75.000 kr.

Vedlagte "Aksept for utgrelingskostnad" må signeras og returneras innan 30.september 2016.
Innkrevjing av utgrelingskostnad vil skje i etterkant av tilbakemeldingsfristen.

Dersom de ikkje aksepterer utgrelingskostnaden, eller ikkje gir tilbakemelding innan fristen, vil kraftverket ikkje lenger inngår i våre nettutviklingsplanar og kan ikkje forvente å få nettilknyting.


Har du spørsmål eller kommentarar, kontakt Ruth Helene Kyte på telefon 97024907 eller e-post smakraftverk@bkk.no.

Vennleg helsing
BKK Nett AS

Jan Næs
Seksjonsleiar

Ruth Helene Kyte
Rådgjevar

Konsekvenser for biologisk mangfold ved utbygging av Fossdalselva i Fossdalen, Gulen kommune



Leif Appelgren



Ecofact Sørvest AS
Postboks 560
4302 Sandnes



E-post: www.ecofact.no

Konsekvenser for biologisk mangfold ved utbygging av Fossdalselva i Fossdalen, Gulen kommune

Oppdragsgiver: Asun SUS	Forfatter: Leif Appelgren
Prosjekt nr.: 2383, Fossdalselva oppdatering	Rapport nummer: 558
ISSN: 1891-5450	ISBN: 978-82-8262-556-2
Antall sider: 22 + vedlegg	Dato: Mars 2011 (oppdatert i oktober 2016)
Kvalitetssikring: U. P. Ledje	
Stikkord: Småkraftverk, Fossdalselva, Gulen, biologisk mangfold, konsekvenser	
Forside: Fossefall i nedre del av Fossdalselva. Foto: Leif Appelgren.	
Referanse til rapporten: Appelgren, L. 2011. Konsekvenser for biologisk mangfold ved utbygging av Fossdalselva i Fossdalen, Gulen kommune. Oppdatert 2016. Ecofact rapport 558.	

Sammendrag

Asun SUS planlegger i samarbeid med grunneierne en utbygging av Fossdalselva i Fossdalen, Gulen kommune. Utbyggingsplanene går ut på å utnytte fallet i Fossdalselva fra kote 285 helt ned til fjorden hvor elva munner ut. Vannet vil bli ført i nedgravd rørgate langs den østre siden av elva. Traseen vil bli laget fremkommelig for traktor for å kunne brukes ved tilsyn av dammen.

Fossdalselva renner gjennom et temmelig åpent dalføre, og er omgitt av bjørkeskog. Mesteparten av den berørte elvestrekningen er av liten verdi i forhold til biologisk mangfold. Unntak er to korte strekninger hvor det forekommer markerte fossefall. Disse lokalitetene fremheves som interessante, begge under naturtype-kategorien ”Andre viktige forekomster”. I begge disse områdene ble det funnet noen sjeldne moser. Mosefloraen her er avhengig av et fuktig lokalklima. Særlig det nedre av de to områdene fremheves, siden det er mer skyggefullt og huser større forekomster av interessante moser, inkludert den rødlistede flommosen *Hyocomium armoricum* (NT – nær truet).

Redusert vannføring vil føre til endret fuktighetsregime i og langs vassdraget. Det antas at flommose og andre sjeldne moser som vokser i tilknytning til vannstrenget vil bli redusert i forekomst ettersom de ikke tåler lange perioder av uttørking. Arter som forekommer i små bestander risikerer å utgå fra lokaliteten. De største konsekvensene er knyttet til redusert vannføring og endret fuktighetsregime i de berørte fossefallene. Samlet sett vurderes konsekvensene å bli middels negative for biologisk mangfold i tiltakets influensområde.

En begrenset del av et inngrepsfritt område, sone 2, vil bli berørt. Det aktuelle området er av begrenset størrelse og omgitt av inngrepsnære områder, hvorfor konsekvensen her vurderes som liten.

INNHOLD

1	INNLEDNING	4
2	UTBYGGINGSPLANER OG INFLUENSOMRÅDE	4
2.1	UTBYGGINGSPLANER.....	4
2.2	KORT OM HYDROLOGI	5
2.3	INFLUENSOMRÅDET.....	8
